

REGION NORDHORDLAND

- Nordhordland Utviklingselskap IKS
Sekretariat - kontrollutvala

Til medlemmene av kontrollutvalet i Radøy kommune

«Navn»

«Adresse»

«Postnr_og_poststed»

Knarvik 07.11.16

INNKALLING - MØTE I KONTROLLUTVALET

Vara vert særskilt innkalla ved behov.

Stad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Tidspunkt: Måndag 14. november 2016 **kl. 08.30 – ca. 12.00**

34/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
35/16	Godkjenning av møteutskrift frå sist møte
36/16	Skriv og meldingar a. Suppleringsval av medlem til kontrollutvalet
37/16	Oppfølging av merknader i revisjonsrapport nr. 13 (årsrekneskapen 2015)
38/16	Orientering om økonomisk status i høve til budsjett 2016
39/16	Orientering om møteportal for politikarar
40/16	Orientering om kurs
41/16	Møteplan for kontrollutvalet 2017
42/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
43/16	Eventuelt

Gi melding dersom det er andre saker som bør settast opp på sakslista.


Møteportal for politikarar: <https://mote.sing.no/radoy/#/login>

Med venleg helsing

Arild Tveranger (s)
Leiar i kontrollutvalet Radøy

Tonje Husum Aarland
Sekretariatet

Kopi: Nordhordland Revisjon IKS
Radøy kommune v/ Ordførar, rådmann og økonomisjef



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: **20.10.2016**

Stad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Kl.: 09.00 – 14.30

Tilstade: Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), David Pletten Aasgard (medlem), Cyril Marøy (medlem) og Ane Ottesen (medlem)

Innkalla: Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef helse, omsorg og sosial Mette Fauskanger (til sak 29/16), barnevernsleiar Leila Torsvik (til sak 29/16), kommunalsjef oppvekst Jo Tømmerbakke

Revisjon: Forvaltningsrevisor Randi Rykkje

Sekretær: Tonje Husum Aarland

Forfall:

25/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

26/16 Godkjenning av møteutskrift

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 30.05.16 var godkjent.

27/16 Skriv og meldingar

a. Revisjonsmelding – kontaktkasserekneskap Radøy Velferdssenter 2015

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

28/16 Uavhengighetserklæring, Nordhordland Revisjon IKS

Saksvedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet i forhold til Radøy kommune, regnskapsåret 2016»

I følgje revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigkeit til kontrollutvalet. Krav til uavhengigkeit og objektivitet gjeld også for revisors medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som plikter å leggje fram ein skriftlig vurdering for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjennomgjekk vurderinga av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet i forhold til Radøy kommune.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek uavhengighetserklæringa til orientering.

29/16 Forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune»

Saksvedlegg: Forvaltningsrevisjon «Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune», Vedlegg 2 til forvaltningsrevisjonsrapporten er unnteken offentlegheit jf. offentleglova § 13,1. ledd, og forvaltningslova § 13 1. ledd nr. 1. og vert utdelt i møtet.

Kontrollutvalet bestilte i sak 05/16 (22.02.2016) prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Radøy kommune. Rapporten har undersøkt kva system som er etablert for å følgje opp barn i fosterheim og har hatt desse problemstillingane:

- Har barnevernstenesta i Radøy kommune eit system for oppfølging av barn i fosterheim, og sikrar systemet barna nødvendig hjelp og omsorg til rett tid?*
- 1. I kva grad legg barnevernstenesta til rette for at fosterheimspllasseringa skal fungera etter sitt formål?*
 - 2. I kva grad får barnevernstenesta systematisk informasjon om barnet sin situasjon og utvikling, og vert informasjonen vurdert i forhold til omsorgsplanen?*
 - 3. I kva grad samarbeider barnevernstenesta med andre instansar for å sikre ei systematisk og planmessig oppfølging av barn i fosterheim?*

Konklusjonane i rapporten peiker mellom anna på at barnevernstenesta i Radøy kommune har eit system for å følgje opp barn i fosterheim. Systemet synleggjer i variert grad kva som er spesielt med barn sine særskilte behov, og kva betyding særskilte behov kan ha for barnet i samband med overgangar i barnet sitt liv. Utover rutinar for bruk av omsorgsplanar, har ikkje systemet rutinar for og gjere bruk av arbeidsplanar og individuelle planar.

På grunnlag av konklusjonane har revisjonen følgjande tilrådingar til barnevernstenesta i Radøy kommune:

- Barnevernstenesta bør sikre at rutinen for utarbeiding av omsorgsplanar skildrar kravet om synleggjering av det spesiell ved barn sine særskilte behov, og betydinga dette kan ha i samband med overgangar i livet.
- Barnevernstenesta bør nedfella praksis for å kartlegga barn og fosterforeldre sine hjelpebehov, samt praksis for og gje opplæring om det enkelte barn til fosterforeldre, i ein skriftleg rutine.
- Barnevernstenesta bør skildra betydinga av «å se hen til omsorgsplanen» i rutinen for fosterheimsbesøk, og slik sikre god vurdering av barnet sin situasjon og utvikling oppimot mål i omsorgsplanen.
- Barnevernstenesta bør ha eit system for og føre kontroll med mottak av tilsynsrapportar, som også gjev informasjon om korleis tilsynsrapportar skal følgjast opp.

- Barnevernstenesta bør vurdere kva som er hensiktsmessig bruk av planverktøy, for å synleggjere og styre kortsiktig og langsiktig innsats i samband med oppfølging av barn under omsorg av barnevernstenesta, og utarbeide rutinar for dette.
- Barnevernstenesta bør utarbeide skriftlege rutinar for å vurdere om barn under omsorg av barnevernstenesta har behov for langvarige og koordinerte tenester, og sikre at det vert utarbeidd individuell plan for barn som har behov dette.

Vedlegg 2 til forvaltningsrevisjonsrapporten er unnteken offentlegheit jf. offentleglova § 13,1. ledd, og forvaltningslova § 13, 1. ledd nr. 1, og kontrollutvalet valde å lukke møtet då denne vart utdelt og lest, jf. § 31. Møtet vart opna igjen før presentasjonen av forvaltningsrevisjonsrapporten.

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef for helse, omsorg og sosial Mette Fauskanger og barneversleiar Leila Torsvik møtte i saka.

Revisjonen presenterte rapporten. Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisjonen og administrasjonen og fekk svar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og ber om at rådmannen kjem med ein tilbakemelding om oppfølgingstiltak innan oktober 2017.

Forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapporten «Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune» til orientering og ber om at rådmannen kjem med ein tilbakemelding om oppfølgingstiltak innan oktober 2017.

30/16 Orientering om tilsynsrapport – Kommunen sitt ansvar for at skulane følgjer krava i opplæringslova kapittel 9a

Saksvedlegg: Tilsynsrapporten er unntatt offentlegheit, jf. offentleglova § 13 og forvaltningsloven § 13 1. ledd nr. 1, og vert lagt fram i møtet.

Fylkesmannen i Hordaland har i perioden 22. februar 2016 til 21. juni 2016 gjennomførte tilsyn med Radøy kommune sitt forsvarlege system for å vurdere om og følge opp at Sæbø skule følgjer opplæringslova sine reglar om skolemiljø. Etter avslutta tilsyn vurderer Fylkesmannen at det er sannsynleggjort at Sæbø skule sin praksis no vil kunne bli i samsvar med regelverket og at Radøy kommune har forbetra internkontrollsystemet sitt på tilsynsområdet.

Rådmann Jarle Landås og kommunalsjef oppvekst Jo Tømmerbakke møtte i saka.

Tilsynsrapporten vart delt ut i møtet og kontrollutvalet valde å lukke møtet i denne saka, jf. offentleglova § 13, forvaltningslova § 13 og kommunelova § 31.

Tilsynsrapporten vart gjennomgått i møtet og kontrollutvalet stilte kritiske spørsmål til administrasjonen og fekk svar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og ønskjer å følgje opp gjennomføringa av dei nye rutinane hausten 2017.

31/16 Innspel til kontrollutvalet

Det er komme fleire innspel til kontrollutvalet om moglege saker for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjekk igjennom desse i møtet og vurderte ingen av innspela som aktuelle for vidare handsaming i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil minne om at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan og har ikkje mandat til å gjere om eller gje vurderingar i enkeltsaker. Kontrollutvalet setter sjølv opp saklista til sine møter og vel dei sakene dei ønskjer å ta opp. Førespurnader til kontrollutvalet frå enkeltpersoner kan tas med i vurderingar i kontroll- og tilsynsarbeidet dersom utvalet ser dette som relevant.

32/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Kontrollutvalet diskuterte møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

33/16 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er 14. november 2016 kl. 09.00

Manger, 20. oktober 2016



Arild Tveranger/leiar



Tonje Husum Aarland
Tonje Husum Aarland/sekretær

Radøy kommune
Kontrollutvalet

Kopi: Ordførar
Rådmann
Økonomi-
ansvarleg

Isdalstø, 30.03.2016
Revisjonsrapport nr.13

Årsrekneskapen 2015

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2015. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærmere krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god communal revisjonsskikk. God communal revisjonsskikk følgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som følgjer av vår revisjonsgjennomgang. Generelt er rekneskapen godt dokumentert og avstemt.

Interimsrevisjon

Før årsskiftet vart det utført revisjon av nokre områder i kommunen. I samband med dette vart det sendt brev 06.11.15 til kommunen med nokre punkt som burde følgjast opp.

- Spørsmål om delegasjon og tilvisningsfullmakt hjå NAV og barnevern.
- Bruk av personnavn ved føring i hovedbok.
- Ajourhald avstemming likvider og eventuell rotasjon av avstemmingsansvarlege.
- Usikre forpliktingar.
- Fakturagrunnlag arkivert i sakshandsamingssystemet og kravet til sikker arkivering.

Desse punkta er gjennomgått av kommunen og tilfredstillande avklart i brev til revisjonen datert 15.03.2016.

I samband med interimsrevisjonen har vi og kontrollert om det er likvidar tilhøyrande kommunen som ikkje er ført i rekneskapen. Kontrollen avdekkja ein ubetydeleg bankkonto nokre få kontantkassar med uvesentlege inneståande beløp. Vi ber om at desse i 2016 blir avslutta eller tatt inn i rekneskapen med kontoutskrift eller signert oppteljing pr. 31.12.

Netto driftsresultat

Kommunen har netto driftsresultat på kr 12,3 mill. Dette er om lag kr 14 mill. over budsjett. Med grunnlag i den økonomiske stillinga til kommunen er det positivt at rekneskapsskjema 1B viser innsparing i forhold til budsjettrammene. Høg auke i netto driftsresultat inneheld mellom anna, nokre enkeltståande inntektspostar som er knytt opp mot øyremerka utgifter seinare år og er avsett til bundne fond. Dette er nærmere omtalt i note 23. Der finn ein også resultatoppstilling der desse inntektspostane er eliminert.

Tap på krav

Det er utgiftsført tap på krav i samband med sosiale utlån i 2015. Tapsføringane byggjer på individuelle vurderinger av kravet. Rutinane for tapsføring kan betrast ved å innføre klare kriterier for kor tid tapsføring skal skje og dokumentasjon på at kriteriene er gjennomgått og vurdert. Omsyn til likebehandling tilseier at tapsføring av sosiallån bør vurderast opp mot kriteriene for å gi sosialstønad i sosialtenestelova då slik tapsføring vil medføre ei form for sosialstønad.

Kommunen har avsett kr 558 971 til dekning av anslått tap i kortsiktige krav. Avsetning er grunngjeve og står i forhold til tapsrisiko i kundemassen.

Formidlingslån

Kommunen sine formidlingslån er frå 2015 administrert av Lindorff. Det er nokre mindre avstemmingsdifferansar pr. 31.12.15. Vi ber om at desse blir avklart i 2016.

Kommunen har inntektsført ekstraordinære avdrag formidlingslån 2015 med kr 2 354 742 og desse er avsett til bundne fond. Etter kommunal rekneskapsstandard KRS nr. 3 skal avsetjing til bunde fond formidlingslån tilsvare:

Inntektsførte avdrag formidlingslån + bruk av lån for finansiering av nye utlån – nye utlån i året – utgiftsførte avdrag i investeringsrekneskapen vedr. formidlingslån.

Vi ber om at utrekningsmåte blir justert i 2016.

Balanse

Nokre mindre postar under kortsiktig gjeld i balansen er gamle og kan avklarast og eventuelt ryddast i 2016.

Aksjar

Det er bokført nedskriving av aksjar i Sambandet Vest AS med kr 110 000 og tilgang av 22 aksjar a kr 9 375 i 2015. Dette er i samsvar med brev frå selskapet datert 21.09.15 som angir ny samla aksjekapital kr 1,5 mill. Denne siste endringa i aksjekapital er ikkje registrert i Brønnøysund og vi ber om at aksjeposten blir følgd opp i 2016.

Oppsummert

Kommentarane i dette brevet er ikkje vurdert som vesentlege i høve til årsrekneskapen, men bør ha fokus framover då dei er viktig for vidare økonomistyring og internkontroll.

Vi har såleis ingen etterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga for 2015.

Med venleg helsing

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef

Tertialrapport 2 - 2016



Tertialrapporten gir eit
oversyn over rekneskapen
for Radøy kommune
pr 31. august 2016



Rapporten for andre tertial 2016 er eit kortfatta oversyn over drifta i Radøy kommune i perioden.

Rapporten syner dei sentrale rekneskapsrapportane, hovudoversikt drift, skjema 1A og 1B. I tillegg er det teke inn eit oversyn over investeringskostnadene som er påkomne så langt i året - i skjema 1B og 2B. Det vert også lagt fram balanse pr 31.08.2016. Rekneskapan omfattar alle bilag som er bokført fram til 19.09.2016. Det vil skje ytterlegare bilagsføring som vedrører juli/august, slik at endelege periodetal først ligg føre om lag 10.10.2016.

Det er også viktig å merka seg at rekneskapan ikkje er fullstendig avslutta og avstemt pr 31.08.2016, og at fullstendig periodisering ikkje er gjennomført.

Budsjetta er periodiserte så langt det er råd, og er basert på vedteke budsjett pr 31.08.2016. Periodiseringa vert vurdert fortløpende, og det vert gjort justeringar for å få best mogeleg samsvar mellom tidspunktet for inntekt/kostnadsføring og budsjett.

Budsjettdringar godkjent i formannskapet 30.08. er ikkje med i budsjet-tala.

Folketaket i Radøy pr 01.07.2016 var 5.090, ein auke på 13 frå 31.12.2015. Talet på eitt-åringar har auke med heile 23 frå juli 2015, noko som fører til auka etterspurnad etter barnehage-plassar.

Driftsrekneskapan

Ordinært rammetilskot er i samsvar med budsjett pr 31.08.2016, men inntektsutjamninga er noko høgare enn budsjett, som følgje av redusert skatteinngang. Skatteinngangen pr august 2016 er 0,3% høgare enn på same tid i 2015. God skatteinngang i mai gjorde at ein tok att svak inngang i første tertial., sjå diagram om merknad nedst på denne sida.

Det er nærliggjande å tenkja at svak skatteinngang har samanheng med nedgangen i oljeindustrien, men dette forklrar neppe alt.

Motteke aksjeutbytte frå BKK har vorte om lag kr 360.000 høgare enn budsjettet.

Asylmottaket på Radøytunet løyer ut ekstra statstilskot til kommunen. For 2016 får vi utbetalt kr 882.000, og rådmannen legg til grunn at vi vil få tilsvarande ekstra kostnader i 2016. Vi får også høgare integreringstilskot enn budsjettet, også her legg rådmannen til grunn at kostnadene aukar tilsvarande mykje.

Pensjonskostnaden ser etter siste overslag ut til å verta ca 1,2 mill lågare enn budsjettet.

Motteken sjukelønsrefusjon er om lag 1 mill lågare pr utgangen av august 2016 enn på same tidspunkt i fjor. Dette skuldast først og fremst at langtidssjukefråværet er noko lågare enn i fjor, jf. diagram på side 4.

Fleire tenesteområde melder no om utfordringar i drifta.

Oppvekst

Kostnader til gjesteelever i andre kom-

munar og elevar som går på privat-skule i andre kommunar kan bli høgare enn føresett, men dette er enno noko usikkert. I løpet av september vil ein få oversyn over endringane som har skjedd i samband med oppstart av nytt skuleår.

Eitt barnehagebarn krev omfattande spesialpedagogiske ressursar, noko som vil kosta om lag kr 800.000 pr år. Det er etablert ein ny familiebarnehage som har rett på drifts- og kapitaltilskot frå Radøy kommune. For 2016 er tilskotet rekna til kr 556.000,-. Dette er i all hovudsak ein rein meirkostnad for kommunen. Heilårsverknad frå 2017 ca 1,2 mill.

Ei nyopprettet avdeling ved Prestmarka barnehage vil også krevja ytterlegare ressursar i 2016, samla meirkostnad ca kr 780.000 for 2016.

Fleire born med framandspråkleg bakgrunn krev også ekstra ressursar, men dette vert truleg dekkja av tilskot til asylmottak og andre tilskotsordningar.

Samla sett har **oppvekst** trond for ei utvida ramme på ca 2,0 mill for 2016.

Helse og omsorg


Kostnader til t.d. helsehjelp og tolktenester til flyktningar og asylsøkjarar aukar monaleg. Det meste av dette kan truleg dekkast av integreringstilskot og tilskot til asylmottak.

Barnevernet ser ut til å få meirforbruk i 2016. Budsjettet tok utgangspunkt i at ein ikkje ville få nye plasseringar eller andre tiltak.

No er det gjort ei ny plassering i statleg institusjon og det er sett inn fleire nye forsterkingstiltak. Barnevernet har

Diagrammet til høgre syner at skatteinngangen er betydeleg svakare pr 31.8.2016 enn på same tid i 2015. Prosentvis inngang i høve til landet er også vesentleg svekka samanlikna med 2015, og pr august ligg vi på 79,2 % av landet. Dette er lågast prosentvis skatteinngang av kommunane i Hordaland.

Skatteinngang pr mnd 2016



Økonomisk oversyn

Hovudoversyn drift	2016	Budsjett periodisert	Budsjett heile året	2015
Driftsinntekter				
Brukarterialinger	9 907 385	9 607 736	16 880 000	35 234 923
Andre sals- og leigeinntekter	17 873 288	17 988 101	27 600 500	61 237 339
Overføringer med krav til motyting	26 804 992	14 590 927	33 223 240	126 495 773
Rammetilskot	108 416 908	103 966 100	147 523 000	300 432 178
Andre statlege overføringer	6 827 979	4 199 250	9 920 000	17 427 400
Andre overføringer	31 950	-	-	3 973 014
Skatt på inntekt og formue	71 554 720	76 532 882	122 257 000	222 777 970
Eigedomsskatt	8 290 228	8 219 845	11 931 000	23 598 948
Andre direkte og indirekte skattar	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	249 707 450	235 104 841	369 334 740	791 177 545
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	143 479 316	133 557 072	214 340 846	442 589 846
Sosiale utgifter	39 702 004	39 887 841	63 347 705	121 497 651
Kjøp varer/ten. som inngår i tenesteprod.	30 637 209	28 469 117	41 377 605	91 092 575
Kjøp av tenester som erst. tenesteproduksjon	11 224 146	12 451 500	23 392 440	50 333 603
Overføringer med krav til motyting	12 693 194	10 721 927	17 476 000	47 625 953
Avskrivningar	-	-	13 500 000	29 658 970
Fordelte utgifter	-1 110 469	-1 573 333	-3 152 000	-5 232 354
Sum driftsutgifter	236 625 401	223 514 124	370 282 596	777 566 244
Brutto driftsresultat	13 082 050	11 590 718	-947 856	13 611 301
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbyte	3 975 573	3 428 667	3 713 000	9 402 359
Mottekne avdrag på utlån	159 415	40 000	60 000	164 235
Sum eksterne finansinntekter	4 134 988	3 468 667	3 773 000	9 566 593
Finansutgifter				
Renteutgifter og lånekostnader	4 488 252	4 659 700	5 482 000	11 257 150
Avdrag på lån	7 091 344	6 970 000	7 800 000	16 430 746
Utlån	107 000	40 000	60 000	391 549
Sum eksterne finansutgifter	11 686 596	11 669 700	13 342 000	28 079 446
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-7 551 608	-8 201 033	-9 569 000	-18 512 852
Motpost avskrivningar	-	-	13 500 000	29 658 970
Netto driftsresultat	5 530 441	3 389 684	2 983 144	24 757 419
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av mindreforbruk frå tidl. år	3 256 655	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	9 977 966
Bruk av bundne fond	516 570	-	636 000	2 849 903
Sum bruk av avsette midlar	3 773 225	-	636 000	12 827 869
Overført til investeringsregnskapen	-	-	-	-
Dekking av meirforbruk frå tidl. år	-	-	-	9 299 904
Avsett til disposisjonsfond	3 256 655	-	-	-
Avsett til bundne fond	797 266	13 333	20 000	21 772 074
Sum avsetjingar	4 053 921	13 333	20 000	31 071 977
Meir (-) /mindre (+) forbruk	5 249 745	3 376 351	3 599 144	6 513 310

også hatt trong for å henta inn ekstern juridisk bistand. Statstilskot til ekstra stilling vert også redusert i 2016. Samla kan dette gje meirforbruk i barnevernet på 6-700.000 i 2016.

Utbetalt stønad til livsopphald har auka mykje samanlikna med 2015. Meiforbruket iht budsjett er om lag 33% eller 1,3 mill pr utgangen av august. Om tendensen held fram, kan dette gje ei samla overskridning på 1,9 mill ved utgangen av året.

Ved Velferdssenteret er det gjort betydeleg innsparing som følgje av eit avslutta tenestekjøp frå privat institu-

sjon. Også ved RIB vert netto kostnad for kommunen noko redusert, som følgje av at fleire plassar vert kjøpt av andre kommunar.

Samla sett vurderer rådmannen det som sannsynleg at budsjettet for helse og omsorg vil halda i 2016.

Drift og forvaltning

Kostnadene til vintervedlikehald av vegar har vorte høgare enn budsjettet, først og fremst grunna mykje salting.

Budsjettet for vegvedlikehald i 2016 er såleis brukt opp. Det er difor ønskeleg med ein sein, lang og mild haust.

Det har kome på ein del kostnader i samband med kommunereforma. Noko av dette er dekkat tilskotsmidlar frå staten, og det er enno uvisst korleis totalbiletet blir her.

Hovudoversynet på denne sida syner litt betre resultat enn periodisert budsjett. Det er likevel fleire faktorar som gjer at kostnadsnivået vert høgare resten av året, jf utgreiinga ovanfor.




Rekneskapsskjema 1A og 1B - drift

Rekneskapsskjema 1A	2016	Budsjett periode	Budsjett totalt	2015
Skatt på inntekt og formue	71 554 720	76 532 882	122 257 000	111 388 985
Ordinært rammetilskudd	108 416 908	103 966 100	147 523 000	150 216 089
Skatt på eiendom	8 290 228	8 219 845	11 931 000	11 799 474
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-
Andre generelle statstilskudd	6 827 979	4 199 250	9 920 000	8 713 700
Sum frie disponible inntekter	195 089 835	192 918 077	291 631 000	282 118 248
Renteinntekter og utbytte	3 975 573	3 428 667	3 713 000	4 701 179
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	4 488 252	4 659 700	5 482 000	5 628 575
Avdrag på lån	7 091 344	6 970 000	7 800 000	8 215 373
Netto finansinntekter/finansutgifter	-7 604 023	-8 201 033	-9 569 000	-9 142 769
Til dekking av tidlegare meirforbruk	-	-	-	4 649 952
Til ubundne avsetningar	3 256 655	13 333	-	-
Til bundne avsetningar	797 266	-	20 000	10 886 037
Bruk av tidligare mindreforbruk	3 256 655	-	-	-
Bruk av ubundne avsetningar	-	-	-	4 988 983
Bruk av bundne avsetningar	516 570	-13 333	636 000	1 424 952
Netto avsetningar	-280 696	-	616 000	-9 122 054
Overført til investeringsregnskapen	-	184 703 710	-	-
Til fordeling drift	187 205 116	97 735 029	282 678 000	263 853 425
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	181 961 170		279 078 856	260 596 770
Meir (-) /mindre (+) forbruk	5 423 946		3 599 144	3 256 655

Rekneskapsskjema 1B	2016	Budsjett periode	Budsjett totalt	2015
Stab og politisk	11 169 443	12 427 586	18 119 849	15 287 533
Oppvekst	65 882 747	67 142 947	107 779 821	105 563 088
Helse og omsorg	87 185 031	83 147 443	125 757 318	116 214 657
Drift og forvaltning	17 723 949	18 609 384	27 421 868	23 531 492
SUM	181 961 170	181 327 359	279 078 856	260 596 770

Sjukefråvære



Diagrammet til venstre syner kvartalsvis utvikling av sjukefråværet hos kommunalt tilsette i Radøy kommune frå 2011 til 2. kvartal 2016. Andre kvartal 2016 har det lågaste sjukefråværet for tilsvarende kvartal dei siste ti åra. Dette kan tyda på at den tette oppfølginga av sjukefråværet i heile kommunen gir resultat.

Balanse

Balanse	2016	2015
Eigendelar		
Faste eigedomar og anlegg	368 727 660	368 727 660
Udstyr, maskiner og transportmidlar	13 961 363	13 961 363
Utlån	26 138 625	30 521 277
Aksjar og andelar	99 786 522	98 684 364
Pensjonsmidlar	413 306 993	413 306 993
A Anleggsmidlar	921 921 163	925 201 657
Kortsiktige fordringar	11 218 384	30 783 162
Premieavvik	25 045 500	25 045 500
Kasse og bank	69 917 101	59 250 441
B Omløpsmidlar	106 180 985	115 079 103
E1 Eigendelar	1 028 102 148	1 040 280 760
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	4 353 205	1 096 550
Bundne driftsfond	18 203 316	17 922 620
Ubundne investeringsfond	5 095 269	5 095 269
Bundne investeringsfond	2 059 777	2 059 777
Rekneskapsmessig mindreforbruk		3 256 655
Kapitalkonto	158 781 112	162 061 606
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK (drift)	-527 080	-527 080
C Eigenkapital	187 965 598	190 965 396
Gjeld		
Pensjonsforplikting	514 882 363	514 882 363
Andre lån	272 289 080	269 289 080
D Langsiktig gjeld	787 171 443	784 171 443
Anna kortsiktig gjeld	55 659 036	64 209 447
Premieavvik	934 474	934 474
E Kortsiktig gjeld	56 593 510	65 143 921
E2 Eigenkapital og gjeld	1 031 730 551	1 040 280 760
<i>Memoriakonti</i>		
Ubrukte lånemidlar	24 028 532	21 028 532
Motkonto for memoriakonti	-24 028 532	-21 028 532
Sum memoriakonti	0	0

Sum eigendelar og sum eigenkapital og gjeld samsvarar ikkje i balanseoppsillinga ovanfor for 2016. Differansen er lik meirforbruk i drift og investering, slik at det samla biletet av drift, investering og balanse blir null.

Rekneskapsskjema 2B - investeringar

Rekneskapsskjema 2B	2016	Budsjett justert	Budsjett vedeke	2015
1280001 Utskrifting av bilar	0	500 000	500 000	0
1438001 Olsvollstranda industriområde	0	0	0	268 369
1530012 Radøyhallen oppgradering 2015	38 334	0	0	471 845
1530013 Radøyhallen rehabilitering golv	0	0	0	762 769
1530014 Radøyhallen oppgrad fasade	59 063	200 000	200 000	0
1530015 Radøyhallen lager	5 600	100 000	100 000	0
1530016 Radøyhallen lys uteområde	0	500 000	500 000	0
1550002 Turvegar	19 456	0	0	0
1583001 Investering kyrkjer	3 298 968	7 500 000	7 500 000	598 586
1908020 VISMA Enterprise	0	0	0	118 750
1908045 IKT investering IKT Nh	0	400 000	400 000	282 627
1908102 Mobilmast Austebygd	1 171 612	1 400 000	0	83 093
1920001 Mindre investeringar	0	2 000 000	2 000 000	340 200
2110004 Austebygd skule parkeringsplass	0	0	0	20 000
2130004 Manger skule parkering og uteområde	188 256	0	0	753 311
2130005 Manger skule oppgrad garderobar	36 540	2 500 000	2 500 000	0
2140002 Uteområde Sæbø skule	125 000	500 000	500 000	0
2190013 Radøy ungdomsskule uteområde	0	0	0	4 066
2190014 Radøy ungdomsskule elektroniske tavler	319 720	300 000	300 000	0
2712005 Bø barnehage uteområde	0	0	0	80 960
2712006 Bø barnehage nybygg	160 776	1 500 000	1 500 000	0
2713004 Prestmarka bh, drenering	79 315	150 000	150 000	0
3210006 Velferdssenteret utvendig oppgradering	188 447	0	0	940 380
3210007 Nye sjukeheimsplassar	0	500 000	500 000	0
3220001 Heimetenesta - bilar	0	0	0	343 027
3220002 Heimetenesta - utvida lokale	159 292	0	0	2 542 852
4800101 Turstiar og friluftstiltak	0	0	0	107 884
4800103 Turveg/lysløype Manger	47 607	2 000 000	2 000 000	123 236
6000101 Lagerbygg Solendmyra	0	0	0	304 916
6000102 Oppgrad fasade teknisk stasjon	291 250	500 000	500 000	0
6103001 Helsehuset ombygging	77 441	0	0	1 050 773
6120002 Reinhaldsmaskiner	126 507	100 000	100 000	0
6190001 Branntekniske investeringar	85 523	500 000	500 000	540 279
6210006 Hovudleidning Lifjell - Manger	0	0	0	5 958 678
6210007 Basseng Haukåsen	0	2 100 000	2 100 000	0
6210008 Manger - Øvre Manger utskifting	5 999	2 200 000	2 200 000	0
6210009 Vassverk oppgrad og utbetring	403 794	2 000 000	2 000 000	0
6310005 Hovudreinseanlegg Manger	2 733	0	0	633 507
6310006 Sanering Mangersvågen	0	2 200 000	2 200 000	0
6310007 Avløp fornying og utbetring	258 257	500 000	500 000	0
6510002 Brannvernustyr	101 634	100 000	100 000	85 467
6510003 Brannbil Braco TLF - MAN TGM	2 470 625	2 471 125	0	925 000
6520001 Bil feiar SV55987	0	0	0	140 000
6700003 Asfaltering kommunale vegar	1 821 762	2 000 000	2 000 000	1 392 885
6700101 Nærmiljøtiltak Bø	0	3 000 000	3 000 000	275 631
6705001 Oppgradering kommunale bruer	0	0	0	-92 940
6730001 Straume kai oppgradering	0	300 000	300 000	0
6764001 Trafikksikring	183 581	200 000	200 000	151 885
SUM	11 727 092	38 221 125	34 350 000	19 208 036

Utskifting av bilar: det er kjøpt inn ein bil til bruk hos OMSUT, og det er henta inn prisar på el-bil til bruk ved rådhuset mm i samband med synfaringar og andre oppdrag. Innkjøp vil skje innanfor budsjettet på kr 500 000.

For **Radøyhallen** er status at det vert oppstart på lagerbygg på baksida av hallen i oktober. I tillegg er det bestilt oppgradering av fasade/inngangsparti på Radøyhallen på bakgrunn av skisse frå CUBUS arkitektane. Arbeidet vert starta i haustferien. Det er også lagt plan for lyssetting av området. Pristilbod for tiltaka er innanfor samla budsjettet på kr 800 000 for tiltaka ved Radøyhallen, jf. orientering til formannskapet.

Investering kyrker: Arbeidet med å stiva av kyrkja er snart ferdig, og innanfor budsjettet på kr 7 500 000. Oppgradering av garderober ved Manger skule: oppdraget har vore ute på anbod, og tilbod låg høgare enn budsjettet. Prosjektet var sak i formannskapet 30. august, og den økonomiske ramma er utvida. Prosjektet startar opp i haust.

Uteområdet ved Sæbø skule er oppgradert med ny ballbane og nytt sykkelstativ. Nytt leikestativ skal etter planen leverast og monterast i haustferien. Oppgraderinga held seg innanfor budsjettet på 500 000 kr, og både Samarbeidsutvalet og Skolemiljøutvalget har vore med i prosessen.

Bø barnehage nybygg: Forum Arkitekter er tildelt arkitektoppdraget, og har lagt fram første utkast til skisse for barnehagen. Endeleg skisse skal vere klar i november, og det er avtalt tre oppfølgingsmøte med arkitekt i haust. Det er i budsjettet sett av kr 150 000 til planlegging og konsulentkostnader.

Prestmarka barnehage: dreneringsarbeidet på uteområdet er ferdig, og kostnad er innanfor budsjettet på kr 150 000. Dreneringa har betra uteområdet for barnehagen på ein god måte.

Prosjekt **nye sjukeheimsplassar** er ikkje starta opp, jf. tidlegare orientering i formannskapet.

Turveg Manger: turveg prosjektet er som kjent lagt opp som ei etappevis utbygging. Oppdraget med å

opparbeide turveg frå Grønålen til kvernhuset ved Nesvatnet er tildelt entreprenør, og straks klar for oppstart. Byggeløyve og idrettsfunksjonell godkjenning er på plass. I dette prosjektet ligg det i budsjettet også midlar til mindre tiltak knytt til turstiane i kommunen. Etter ei større satsing i fjar, har det ikkje vore særleg etterspørsel etter desse midlane i år. Det er planlagt å sette opp ein gapahuk ved Nesvatnet/turvegen, som det vert henta inn pristilbod på i desse dagar, samt ei balanseline ved turvegen i Grønålen like ved ungdomsskulen.

Ved **teknisk stasjon** er arbeidet med oppgradering av fasade snart ferdig. Tilboden er innanfor budsjettet, men arbeidet har avdekkat at det er behov for større asbestosanering enn føresett, og medfører ein ekstra kostnad på omlag kr 50 000.

Det er kjøpt inn **reinhaldsmaskiner**, og kostnaden ligg om lag 10 000 over budsjettet.

Branntekniske investeringar: Det er tinga el-arbeid for brannsikring på Hordabø skule og teknisk stasjon. Det vert også arbeidd med brannsikring av eit av ventilasjonsromma i Radøyhallen på bakgrunn av krav etter branntilsyn. Investeringane er innanfor budsjettet på kr 500 000.

Vassbasseng Haukåsen: administrasjonen har vore i kontakt med grunneigar, men det viser seg utfordrande å få framdrift i prosessen. Rådmannen kjem tilbake med eiga sak.

Arbeidet med utskifting av **vassleidning Manger-Øvre Manger** er ute på anbod, og arbeidet vert tildelt så snart fristen er ute. Prosjektet er planlagt gjennomført i haust. Prosjektet ligg førebels på Doffin med tilbodsfrist 30.09.16, og kostnad er derfor ikkje avklart.

Når det gjeld prosjekt **vassverk oppgradering og utbetring** er status at det pågår fortlopende utbetring og fornying, seinast ein større utskifting av om lag 200 m leidning i Litlavatnet. Det pågår arbeid med utbetring av vassleidninga i Hellaosen.

På prosjektet **Avløp fornying og forbetring** er det utført reparasjon av avløpsleidningen på Bø frå sjøen og opp til byggjefeltet. Arbeid med vidare utbetring vil fortsette i haust.

Det er kjøpt inn **brannvernutstyr** og innkjøpet er innanfor budsjettet.

Prosjekt **sanering Mangersvågen** må sjåast i samanheng med lokalisering av nytt reinseanlegg.

Arbeidet med **asfaltering av komunal veg** er ferdigstilt med ei mindre overskridning på om lag kr 25 000,-.

Arbeidet med **oppgradering av Straume kai** pågår. Det er inngått eit spleislag med grunneigarane på Straume som eig delar av kaien, og dei bidreg med kr 200 000 til dette arbeidet. Innhenting av tilbod viste at prosjektet vart kr 175 000 dyrare enn budsjettet. Meirforbruk vert foreslått dekka over posten mindre investeringar.

Prosjekt **nærmiljøtiltak på Bø** er lagt på vent som følgje av det pågående arbeidet med kommunedelplanen for Bø og arbeidet med å planlegge ny barnehage.

Trafikksikring: opparbeiding av avfortau og veglys i Nordbøvegen er ferdig. Her har kommunen fått tilskot frå fylkeskommunen som har dekka dei aktuelle utgiftene. Arbeidet startar veke 38/39 med å sette opp veglys på strekninga frå skulen til idrettsplassen på Hordabø. Det er tildelt midlar til dette arbeidet frå fylkeskommunen, men det gjenstår ein rest som vert dekka av trafikksikringsmidlane.

For investeringsrekneskapen vert det ikkje lagt fram hovudoversikt investering eller skjema 2A. Investeringane vert først finansierte når all tilgang av anleggsmidlar i 2016 er bokført, i samband med årsavslutninga.

Hovudoversyn investering og skjema 2A gir såleis lite meinung pr 31.08.

Iflg finansreglementet skal det rapporterast på kommunen sine finansplasseringar.

Radøy kommune har no berre plasseringar i bank. Sparebanken Vest er framleis kommunen sitt hovudbanksamband, og vi har for tida ikkje plasseringar i andre bankar.


Diagrammet til høgre syner rentutviklinga frå januar 2014 til august 2016. Internrenta mellom bankane (NIBOR) har auke litt i det siste, og både Kommunalbanken og KLP Kommunekreditt har auka lånerente med om lag 0,15 prosentpoeng frå august månad.

Radøy kommune si samla lånegjeld var pr 31.08.2016 272,3 mill, medrekna startlån til vidare utlån. Lån i Kommunalbanken til vanlege investeringar utgjer 218 mill, og lån i KLP Kommunekreditt utgjer 20,5 mill. Etter utlysing på Doffin, skal nytt lån i 2016, 16,7 mill takast opp i KLP Kommunekreditt.

Av låna i Kommunalbanken har ca 40% fastrente 2,49% fram til august 2019.

Startlån tekne opp i Husbanken utgjer 33,1 mill. Det er risiko knytt til startlån, sjølv om kommunen til no har hatt minimale tap. 7,4 mill av låna i Husbanken har fastrente 1,21% fram til desember 2017.

Nytt lån i Husbanken i 2016, vert føreslege tilbakebetalt, då det er gjort mange ekstraordinære innløysingar av lån i 2016.



Oppfølging av politisk vedtekne tilleggspunkt i budsjettet

Jordmertenesta. Kommunestyret bed om orientering om jordmertenesta våren 2016, og vil vurdera løyingane til tenesta i revidert budsjett.

- I kommunestyremøte 15.06.2016 orienterte jordmor om arbeidet i tenesta. Rådmannen har førebels ikkje gjort framlegg om endringar i budsjettet

Næringsstilrettelegging og bustadutvikling. Kommunestyret bed rådmannen utarbeida sak om korleis Radøy best får auka innsats på næringstilrettelegging (også turisme, camping/bubilfacilitetar) og bustadutvikling. Dette skal sjåast i samanheng med Fylkeskommunal plan for areal og transport i Bergensregionen, BRBs strategiske næringsplan, interkommunal nærings- og samfunnsplan m.m. Løying vert vurdert ved revidert budsjett.

- Rådmannen vil her leiga inn eit konsulentselskap for å laga ein handlingsplan med utgangspunkt i overordna planverk.

Planarbeid fylkesvegar. Kommunestyret ber rådmannen søkja fylkeskommunen om støtte til å starta planarbeid for oppgradering av fylkesvegane Soltveit – Bøvågen – Manger – Namtveit. Dette gjeld også TS-tiltak/punktutbetringar på fylkesvegane.

- Ordføraren følger opp denne saka mot fylkeskommunen

Dagtilbod. Kommunestyret bed om ei orientering om dagtilboden for eldre og for demente, og vil vurdera løying i revidert budsjett. Det vert i tillegg sett ned ei plangruppe som arbeider med oppgåver knytt til framtidige tilbod for heimebuande personar med demens.

- Kommunestyret får orientering frå leiar for tenesteområdet i septembermøtet

NAV-sosial. Kommunestyret bed rådmannen om sak på korleis redusera tal brukarar og utbetalingar på NAV-sosial ved hjelp av aktivitetsplikt m.m. Kommunestyret har merka seg at fellesnemnaren ved dei kommunane som får til å reduksjon i sosialstøtta er at dei gjer veldig aktive tiltak for særleg å følgje opp unge, og generelt

få menneske raskt ut av sosialstøtte.

- Leiar for NAV har orientert kommunestyret om planane som er vedteke

Redusert sjukefråvære. Kommunestyret er positiv til sjukefråværprosjektet, men meiner dette bør organiserast som trepartssamarbeid. Prosjektet må setja mål for redusert sjukefråvær, og tiltaka må følgja av målsetjinga.

- Sjukefråværet har vore drøfta i formannskapet, og prosjektet held fram slik det har vore.

VUS. Kommunestyret bed om orientering frå MUHO om drift og finansiering av VUS.

- MUHO orienterer om VUS i kommunestyremøtet i oktober.

Skulehelsetenesta. Kommunestyret vil styrkja skulehelsetenesta, og ber rådmannen utarbeida sak/plan for dette. Kommunestyret er optatt av godt samvirke mellom tenesteområda for å oppnå best mogleg tenester. Styrking av skulehelsetenesta kan sjåast i samanheng ved busetjing av fleire unge flyktningar.

- Kommuneoverlegen arbeider med eit prosjekt der ein m.a. skal freista henta inn statlege styrkingsmidlar.

Plangruppe barnehage. Kommunestyret vil stoppa «lekkasjen» av barnehageborn til nabokommunane ved å auka barnehagetilboden i kommunen. Det vert sett ned ei plangruppe som vurderer løysingar for korleis særleg Sæbø barnehage kan ta imot fleire born, som i dag har plass i andre kommunar.

- Formannskapet har teke til etterretning at det ikkje vert sett ned noka plangruppe.

Kommunestyret set ned ei plangruppe for utarbeiding av **kvalitetsplan for**

SFO. Her kan det innlemmaste frivillige organisasjonar som t.d. korps, musikk, kyrkja og idrett.

- Dette vert vurdert i samband med arbeidet med planstrategi

Kommunestyret vil ha ei sak på **utvinding av skuleskyssordninga**, evt. endra løying vert gjort i justert budsjett.

- Ordførar

Det vert lagt til grunn at **arbeidet med turstiar** held fram med kommunen som koordinator, og at ein hjelper lag og organisasjonar med utarbeidning av søknader om tilskot.

- Arbeidet med turstiar held fram.



Møteplan og planlagde saker 2016 - kontrollutvalet Radøy

Vedtatt i møte 07.12.15

Oppdatert 04.05.16

Tema til handsaming 2016		22. feb.	04. mai	30. mai	7. okt.	14. nov.
Godkjenning av innkalling og saksliste		X	X	X	X	X
Godkjenning av referat fra sist møte		X	X	X	X	X
Referatsaker		X	X	X	X	X
Gjennomgang av møteprotokollar – kommunestyret, formannskapet og andre politiske utval		X	X	X	X	X
Status rekneskapsrevisjon, orientering fra revisjonen						
Revisor sin uavhengighet						X
Orientering/dialog med ordførar og rådmann		X	X	X	X	X
Planlagde orienteringar fra administrasjon om organisering og tenestene	Sentraladministrasjonen	X				
	Helse og omsorg					X
	Økonomi			X		
	Byggesaker – sakshandsamingstid					X
	Oppvekst og kultur					
Uttale til årsrekneskap/årsmelding 2015			X			
Forvaltningsrevisjon – plan		X			X	
Investeringsprosjekt – organisering og ansvar						X
Kontrollutv årsplan/møteplan for 2017						X
Forvaltningsrevisjon oppfølging av tidlegare prosjekt	NAV				X	
Samhandlingsreformen – helse					X	
Prosjekt-rekneskap – investerings-prosjekt						
Oppfølging av evt punkt i revisjonsrapport – rekneskap						X
Økonomisk status for kommunen		X	X			

Vedtatt med etterhald om endringar.